
Saknr: 2020/47165-1
Saksbehandlar: Gudrun Kristin Fatland

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		13.05.2020
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Plaststrategi for Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune.
2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlige interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.

Samandrag

Denne plaststrategien er laga etter oppdrag frå Hordaland Fylkesting juni-2018 etter interpellasjon frå det politiske partiet SV ved Aud Karin Oen.

Fylkeskommunen er ei stor verksemd, med stort forbruk i eigne einingar og stor påverknad i samfunnet. Marin forureining er eit aukande internasjonalt problem som alle må jobba med. Gjennom miljøleiving og årleg miljørapportering skal planar for og resultat av arbeidet med ytre miljø skildrast. Tiltaka knytt til innkjøp og handtering av avfall er særleg relevante for plastforureining. Dei fleste verksemdene i HFK er miljøsertifiserte.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør innovasjon og næring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plaststrategi for Vestland Fylkeskommune. Ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Plaststrategi for Vestland fylkeskommune 2020 -

Denne plaststrategien er laga etter oppdrag frå Hordaland Fylkesting juni-2018 etter interpellasjon frå det politiske partiet SV ved Aud Karin Oen.

Vestlandsrådet utarbeidar ein plaststrategi som og ligg til grunn for Vestland fylke sin plaststrategi.

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare hatt ein samordna plaststrategi, men fylkestinget var tidleg ute med å gje årleg tilskot til rydding av marin forsøpling i fylket før nasjonale styresmakter kom på banen. Dette var med på å gje føreseieleg handlingsrom til friluftsråda i fylket, der BOF og kunne vidareutvikle sin kommunikasjon og samhandlingsmodell BOF (tidlegare Hordalands)modellen som har vorte nasjonalt leiande innanfor arbeid med marin forsøpling.

Målsetjinga har vore at tidlegare Hordaland fylkeskommune (HFK) skal hindra at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon.

Vestland fylkeskommune skal leggje til rette for innovasjon og utvikling innanfor næringslivsaktørar, forskning og andre aktørar som Skjærgårdstjenesten, friluftsråd og organisasjonar.

Plaststrategien skal synleggjere og avklare regionalt prioriterte satsingsområde, verkemiddelbruk og målsetjing for handtering og bruk av plast i Vestland fylkeskommune. Strategien skal gje forankring og føringar til administrasjonen sitt daglege virke.

Denne strategien har blitt utarbeide i samsvar med arbeidet til Vestlandsrådet sin plaststrategi som skal endeleg vedtakast i juni 2020, då saken har blitt utsett frå november 2019.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det vil kunne vere ein økonomisk gevinst ved å ta bort unødvendig plast som ein del av fylkeskommunalt forbruk. Ein kostnad knytt til kartlegging av forbruk og attvinningsgrad kan med komme, men med god innkjøpsoversikt med plast registrering kan ein forenkla denne jobben internt, spare tid og pengar.

Klima: Forbruksreduksjon av plast og plastproduksjon vil være ein klima gevinst. Ombruk av plast i som ein del av den sirkulære økonomien gjev mindre behov for nytt råstoff, og dermed mindre klimautslapp.

Folkehelse: Plast og plastens kjemikalieinnhald på avvege, påverkar naturen, og kan koma inn i næringskjeda og gje potensielle negative folkehelse konsekvensar.

Regional planstrategi: Fylkeskommunen har anledning til å uttale seg ved plansaker og være ein retningsgjevande instans, og leie ved eksempel ved egne saker.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget kan forankre strategien i Vestland fylkeskommune.

Konklusjon

Denne plaststrategien er laga etter oppdrag frå Hordaland Fylkesting juni-2018 etter interpellasjon frå det politiske partiet SV ved Aud Karin Oen.

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare hatt ein samordna plaststrategi, men fylkestinget var tidleg ute med å gje årleg tilskot til rydding av marin forsøpling i fylket før nasjonale styresmakter kom på banen. Dette var med på å bidra med finansielle midlar til friluftsrådet BOF til å utvikla Hordalandsmodellen som har vorte nasjonalt leiande i arbeidet mot marin forsøpling.

EU-kommisjonen kom i 2018 med plaststrategi der EU ynskjer å forby ulike typar unødvendig eingongsplast. FN har vedtatt ein nullvisjon om tilførsel av plast til havet.

Nasjonalt arbeidar ein med å få på plass tilsvarande strategi, vidare er det mange kommunar i landet som og arbeidar med utfordringane med plast i naturen. Austevoll kommune kan nemnast då dei har ein visjon om å bli plastfri kommuneadministrasjon, og Bergen kommune som har sin eigen plaststrategi.

Målsetjinga er at Vestland fylkeskommune (VLFK) skal hindra at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon. VLFK skal og leggje til rette for innovasjon og

utvikling innanfor næringslivsaktørar, forskning og andre aktørar som Skjærgårdstjenesten og friluftsråd.

Plaststrategien skal synleggjere og avklare regionalt prioriterte satsingsområde, verkemiddelbruk og målsetjing for handtering og bruk av plast i Hordaland fylkeskommune. Strategien skal gje forankring og føringar til administrasjonen sitt daglege virke.

Denne strategien har blitt utarbeida parallelt og i samsvar med Vestlandsrådet sin plaststrategi 2020- «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet».